


Austebygd skule på Bogatunet




29. august til 31. august 2016

Til hausten er det 4. - trinn + mellomtrinnet på Austebygd skule sin tur til å «bu» på Bogatunet.

Elevane i 4. - 5. - 6. og 7. trinn vert delt inn i tre grupper som vekslar på å vera på Boga og på skulen. Dei elevane som er på skulen skal arbeida med praktiske opp-gåver som baking, handarbeid og innøving av songar og leikar. 1.- 3. trinn skal vera på skulen og delvis følgja eit undervisningsopplegg knytt til tema. Småskulesteget skal også bort og besøkja dei som er på Bogatunet ein av dagane.

Medan elevane er på Bogatunet er det samstundes «Kystsogevekene». Dette inneber at familie og andre folk kan koma på besøk.

Når elevane «bur» på Bogatunet skal dei driva med ulike aktivitetar ute og inne: slå, hesja, laga reiskapar, laga lappar og klokkarbete, karda, strikka, leika ulike gamle leikar osv.



For at dette skal verta mest mogeleg tidsriktig er det fint om elevane går kledd som dei gjorde i «gamle dagar»: med t.d. knebukse, sixpence, skjorte, bukseselar, knestrømpar, tresko, skjørt, bluse, sjal, skaut, forkle osv.

Me oppmodar difor alle heimane til å leita fram gamle klede frå skuffer, skåp, loft og kjellar slik at elevane som er på Bogatunet har klede frå «gamle dagar» dei kan ha på seg.

Desse kleda må elevane ta med når skulen tek til etter ferien.

Radøy sogelag stiller med ressurspersonar på Bogatunet alle dei tre dagane.

Meir detaljert informasjon om «Bogatun - dagane» kjem når skulen begynner igjen etter sommarferien.

GOD SOMMARFERIE TIL ALLE.



Helsing
personalet ved Austebygd skule

